



Referat soknerådsmøte tysdag 23. mai kl. 19:30 på kyrkjekontoret

Til stades: Jostein Husa, Per Børge Hillestad, Lars Svendsen, Erling Walderhaug, Olav Husa, Tone Sævi, Ragnhild Husa og Mia Etokebe

Meldt fråfall: Anders Bergsland

Saksliste

S28/17 Godkjenning av innkalling og referat

-Godkjent, med ei retting på referatet ang. Festeavgift: presisere at beløpet er pr. år.

S29/17 Skriv og meldingar

Risnes Elektro har gjort arbeid i kyrkja. Kyrkjeverje informerer. Nye lamper, omnar og stikkontakter. Ingen provisoriske løysingar på det nye lydanlegget lenger. Det vart veldig fint!

S30/17 Nytt nøkkelsystem

Arbeidsutvalet har vurdert dei to tilboda om nytt nøkkelsystem og legg fram forslag til vedtak.

Tilbod frå Bergen låsservice som ligg på 25 000,- Dette inkluderer motering av 3 nye låser og 30 nøklar som kan kvitterast ut – eit lovleg system. Vi kan spare 8000,- om vi monterer sjølv.

Vedtak:	Vi kjøper frå Bergen låsservice og monterer 3 nye låsar sjølv. Vi vil nummerere nøklane og ha nøkkelskap på kyrkjekontoret, kor nøklane kan kvitterast ut.
---------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

S31/17 Revidering av personalplan

Ny revidert personalplan er godkjent av soknerådet og vedtatt.

S32/17 Trusopplæring vidare i lag med Austrheim

Vedtak:

- *Fedje sokneråd godkjenner avrunding av samarbeidet med Radøy og Austrheim om den felles trusopplæringsstillinga, med verknad frå og med 1.august 2017.*



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

- *Fedje sokneråd godkjenner samstundes oppretting av ei ny samarbeidseining for trusopplæringa mellom Fedje og Austrheim med verknad frå 1.august 2017. Samla tilskot for Austrheim og Fedje utgjer 40,15% av den tidlegare trusopplæringsressursen, som for tida utgjer kr 231.189,-*

Framlegg til vedtak som tas vidare til fellestråd:

- *Tidlegare kommunale eigendelar til trusopplæringsstillinga vert søkt vidareført i budsjetta for Austrheim og Fedje sokneråd. Eigendelane kan i påvente av tilsetjing som kyrkjelydsprest verta avsett på bunden konto, som kapitalgrunnlag for den nye stillinga.*
- *Intensjonen er at Austrheim sokneråd og Fedje sokneråd inngår eit samarbeid om snarast å oppretta ei 100 % stilling som kyrkjelydsprest med hovudvekt på trusopplæringsarbeidet og arbeid blant barn og unge. Grunnlaget for stillinga er ein kombinasjon av trusopplæringsmidlar, gjevarteneste og ein kommunal eigendel tilsvarande det som før har blitt brukt for drift av eksisterande trusopplæringsstilling. Fordeling mellom Austrheim og Fedje vert da 75% Austrheim og 25 % Fedje.*
- *Intensjonen vår er legge til rette for ein midlertidig tilsetjing av trusopplærar i ein ressurs tilsvarande det ein får i trusopplæringsmidlar, i påvente av at ein kyrkjelydsprest vert tilsett.*

Fedje sokneråd ønskjer å få opp gjevartenesta til kr. 122 000,- i året. Dette er vegen vidare for framtida i kyrkja. Kva får vi for 25% meir prestestilling? Dette må talfestast. Vi ønskjer å auke gudstenestefrekvensen og arbeidet med barn og unge.

S33/17 Vedtekter om leige av kyrkja

Informasjonssak: Vedlagt ligg forslaget frå soknerådet med dei nye satsane. Vi venter på godkjenning frå bispedømet.

S34/17 Flygel i kyrkja

Det er fremma eit ønskje om å søkje om å få flygelet som nå står i fleirbrukshalen over til kyrkja. Argumenter for å søkje om dette er at flyget vil bli brukt meir. Meir tilgjengeleg til bruk i gudstenester, til konserter, bryllaup og gravferdar. Forslaget er og lagt fram fordi vi no har ein over snittet kompetent kantor som kan gje oss gode opplevingar



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

ved å bruke det flotte instrumentet. Ragnhild tek saka vidare og snakkar med kommunen om kva krav som ble lagt fram då det vart gitt, kven som har ansvaret for flygelet, snakke med rette vedkomne og gi tilbakemelding til soknerådet.

S35/17

Sommarope kyrkje

Alle i soknerådet tek ei veke kvar. Da har ein ansvar for å opne og stenge kyrkja. Støvsuge den ein gong i løpet av veka. Mulig ta inn litt friske blomster til bordet i våpenhuset. Lista vil bli laga og vedtatt på soknerådsmøtet.

Om vi ikkje har fått nye låser og nøklar innan dette, så er det Jostein sine nøklar som går på omgang 😊

Vedtatt forslag om kven som held ope:

Veke 25	Mia
Veke 26	Mia
Veke 27	Tone
Veke 28	Erling
Veke 29	Olav
Veke 30	Jostein
Veke 31	Ragnhild
Veke 32	Anders
Veke 33	Lars

Vi opnar kl. 9 og stenger ca kl. 20. Vi tek omsyn til gravferd og andre tilstellingar som kan dukke opp.

Bytter innbyrdes, men gje beskjed til kyrkjeverje om det vert gjort bytter.

S36/17

Kyrkjeringen fremmer ønskje om involvering i gudstenesta 9. juli og 27. august

Kyrkjeringen har lyst å gjere eit lite tiltak rundt gudstenesta 9. juli. Dei tenkjer å lage litt sjømannskirkepreg på den, og vil steike vaflar, gjerne utanfor kyrkja og lage litt stemning (prøver å få med ein jazzmusikar..) slik at det kanskje kan dra litt ekstra folk . Soknerådet er positive til forslaget og legger til rette for dette.

Vi har også lyst å lage ein bra oppstart på haustsemesteret og tenkjer på tiltak rundt gudstenesta den 27.august. Vi tenkjer å lage middag, slik at alle i kyrkelyden kan delta på ei samling i Fiskarheimen etter gudstenesta med god tid til mingling og prat. (ein liten kostnad for mat må det bli!). Soknerådet er positiv og vil legge til rette for dette også.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyllkja

S37/17 Dato for møte hausten 2017

Møter hausten 2017 vert:

- 22. august
- 26. september
- 14. november.

S38/17 Eventuelle saker

Det kom mange gode forslag til andre tiltak på soknerådet:

- Rydd ein strand i regi av soknerådet, i forbindelse med gudsteneste eller anna arrangement.
- Godheitsdag i samband med soknerådsmøte 22. august eller anna arrangement.

Dette vert følgt opp vidare av soknerådet.

Soknerådsleiar: Jostein Husa

Referent: Mia K. Etokebe